



Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Vår sakshandsamar
Hildegunn Gjengedal
22 05 45 50

Vår dato
20.08.2013
Dykkar dato
28.05.2013

Vår referanse
12/01252-19
Dykkar referanse
13/796

Høyring av forslag til forskriftsendringar som følgje av endra fordelingsmåte for deler av importkvoten av ost frå EU

Vi viser til utkast til endringar i forskrift av 10.oktober 2008 nr 1132 om fordeling av tollkvotar for landbruksvarer, og takkar for høvet til å kome med høyringsvar.

Norges Bondelag støttar i hovudsak forslaget til forskriftsendring, gitt avtala som er inngått mellom EU og Noreg. Ei fordeling av kvota basert på importverdi versus importkvantum er positivt, då dette stimulerer til import av dyrare spesialostar i staden for billeg bulkost, noko som truleg vil vere mindre prisforstyrrende i den norske marknaden. Dette vil kunne gi eit breiare utval av kvalitetsostar som eit supplement til norske ostar. Norges Bondelag er også samd i at fordeling på grunnlag av lisens gir eit meir føreseieleg system med jamnare og meir stabil import enn ”fyrstemann til mølla”-ordninga.

Fordeling basert på auksjon hadde likevel vore å føretrekke, sidan det i utgangspunktet er mindre importdrivande. Norges Bondelag fryktar også at ordninga med å basere kvoten på total import, også til full toll, vil kunne stimulere til auka import.

Norges Bondelag er kritisk til at Regjeringa gjennom forhandlingar med EU har misst retten til å bruke auksjonsprinsippet på denne delen av kvota. Noreg burde sjølv kunne avgjere kva fordelingsystem ein vil nytte, og ikkje gjere det til ein del av forhandlingane med EU.

Osteproduksjonen er ein stor avtakar av norsk mjølk, som er kjerneproduksjonen i det norske distriktslandbruket. Importen av ost frå EU har vakse med om lag 200% sidan år 2000, og presset på den norske mjølkeproduksjonen aukar. Norges Bondelag er kritisk til at Regjeringa utvida ostekvota gjennom siste runde i artikkel 19-forhandlingane, og åtvarar mot ytterlegare utvidingar gjennom nye artikkel 19-runder.

Norges Bondelag støttar i hovudsak forslaget til endra fordelingsmetode for deler av importkvoten for ost frå EU. Men vi vil samtidig påpeike at det er uheldig at fordeling av kvoten er del av forhandlingane mellom EU og Noreg. Ved å halde på

Bondelagets Servicekontor AS

| | | | |
|--|---|---|--|
| Postadresse: Postboks 9354 Grønland 0135 OSLO | Besøksadresse: Landbrukets Hus, Schweigaardsgate 34 C 0191 OSLO | Tlf: 22 05 45 00 | E-post: bondelaget@bondelaget.no |
| Norges Bondelag Bondelagets Servicekontor AS | Org.nr.: 939678670 Org.nr.: 985063001 MVA | Bankkonto: 8101.05.12891 Bankkonto:: 8101.05.91392 | Internett: www.bondelaget.no |

Vår dato
20.08.2013

Vår referanse
12/01252-19

retten til sjølv å avgjere fordelingsmetode, kunne Noreg fått eit system som var betre tilpassa norske interesser.

Med venleg helsing

Elektronisk godkjent, uten underskrift

Anne Thorine Lundstein

Hildegunn Gjengedal